

Somme – eit semantisk skilje i norske dialektar

av Helge Sandøy

1. Problemet

I ein del år har eg arbeidd med eit prosjekt om ubestemte pronomen i dei nordiske språka, nærare bestemt om dei pronomena som i eintal har formene *einkvan*, *som*, *nokon* og *ingen*, jf. Sandøy (1987 og 1992). Da eg meinte eg var kommen til botns i mitt eige morsmål, romsdalsk, trudde eg at analysen av norsk var ferdig. Men av og til kom eg over setningar som ikkje stemde med det mønsteret eg hadde sett opp. Først tolka eg det som interferens frå varietetar av norsk som ikkje har pronomenet *somme*, og som dermed ikkje har opposisjonen *somme* – *nokre*. Stundom var nok dét tilfellet, men ofte ikkje. Derimot har det komme fram ein tendens i materialet, nemleg at avvika kjem mest frå austlandsk, og at analysen min for romsdalsk passar best med den vestlandske bruken.

Eg kan her nemne at Olav Næs (1965, s. 314) hevdar – rettnok for bokmål – at “[s]emantisk faller ‘somme’ sammen med ‘noen’, men stilistisk er det mer konkret utskillende eller motsettende.” Same inntrykket får ein òg når ein blar opp i ordbøker og lærebøker som forklarar pronomenet *somme*. Men ei slik beskriving stemmer ikkje for vestlandsk – og ikkje heilt for austlandsk heller.

2. Semantiske drag

Matrisa over dei semantiske eigenskapane åt pronomenet *somme* i vestlandsk ser slik ut:

	individ. ref.	generell ref.	spesif. ref.	distrib. ref.	mengde- ref.	ekte delkv.	eksist.	rekke- vidd
somme	+	+	-	+	-	+	+	+

Eigenskapane 'individuerande referanse' og 'generell referanse' har inga interesse akkurat her, men eg tek med den fulle matrisa til orientering. Elles går det fram at pronomenet *somme* har ikkje-spesifikk referanse, distributiv referanse, er ein delkvantor, det føreset eksistens og har stor rekkjevidd som logisk operator. Desse eigenskapane kjem vi nærare inn på nedafor.

3. Restriksjonane på *somme*

3.1 Eksistens

Dei semantiske eigenskapane legg restriksjonar på korleis *somme* kan brukast syntaktisk. Vil ein spørje om eller nekte for eksistensen åt referenten, kan ikkje *somme* brukast, da må ein bruke *nokon* i staden:

- (1) *Kom somme studentar innom her i går?
- (2) *Eg har ikkje sett somme lærarar i dag.

Likevel kan *somme* akseptrast i spørjesetningar og i setningar med negasjon – jf. (3) og (4) – men da dreiar spørsmålet eller negasjonen seg om noko anna enn referenten, og presupposisjonen er nettopp at referenten for nominalet med *somme* eksisterer.

- (3) Er det du som slepper somme ungar inn gratis?
- (4) Eg les ikkje somme aviser!

I (3) er det gitt at 'det er ein person som slepper somme ungar inn gratis'; spørsmålet gjeld kven denne personen er.

3.2 Logisk rekkjevidd

I (4) blir det òg demonstrert at *somme* må tolkast som ein logisk operator med stor rekkjevidd; *ikkje* er underordna og verkar ikkje inn på referansen åt *somme*. Setning (4) må altså parafraserast

nokolunde slik: 'Det finst aviser, og medlemmene i eit subset av dei er slik at eg ikkje les dei.' Vi ser her også ein annan eigenskap som *somme* har, nemleg at dette pronomenet viser til ei undergruppe eller eit subsett av det totale settet av referentar for nominalet *aviser*. Det blir uttrykt i 'ekte delkvantor' i matrisa, ein eigenskap vi ikkje skal drøfte meir her. Dersom (2) skulle vere akseptabel, måtte setninga vere synonym med denne parafrasen: 'Det finst lærarar, og medlemmene i eit subsett av dei er slik at eg ikkje har sett dei i dag.' (Det impliserer i tilfelle at eg har sett resten av alle moglege lærarar.) Det er vanskeleg å gi denne setninga eit akseptabelt innhald – særleg når ho fortel om ei avslutta handling.

3.3 Distributiv og kollektiv referanse

Den distributive referansen står i motsetnad til den kollektive, dvs. at når *somme* har eigenskapen +distributiv, skal referentane åt *somme*-nominalet ikkje oppfattast som ei samla gruppe. Det gjer at når *somme* står som f.eks. subjekt, fortel setninga om fleire handlingar, der kvar enkel medlem i settet av referentar er subjekt for kvar si handling:

- (5) Somme går på kino.

Denne restriksjonen mot å vise til ei enkelthending (= singular hending) kan òg illustrerast slik ved at (6) er mogleg, men ikkje (7):

- (6) Når du treffer somme lærarar, er det akkurat som frustrasjonen lyser av dei.
(7) *Eg trefte somme lærarar i selskapet i går.

(6) står ikkje for ei enkelt hending, men det gjer (7).

Av ein eller annan grunn er det òg restriksjon mot *somme* i presenteringssetningar, som vi ser av (8).¹

¹ Jan Terje Faarlund har foreslått for meg den forklaringa at presenterings-

- (8) *Det kom somme i aftes.

Men ekte eksistensialsetningar kan innehalde *somme* dersom det kjem ei restriktiv relativsetning etter:

- (9) Det finst somme sjøfolk som er plaga med sjøverken heile livet.

Men:

- (10) *Det fanst somme bilar der.

Derimot kan ein seie:

- (11) Det fanst nokre bilar der.

Poenget i (9) er at den restriktive relativsetninga har som funksjon å definere eigenskapane åt det subsettet av referentar ein vil vise til. (Jamfør Dyvik 1979, s. 75–77, Sandøy 1987, s. 160f., Vangsnes 1994, s. 103–104.)

konstruksjonen ikkje kan ha eit 'eigentleg subjekt' med stor logisk rekkjevidd. Han viser til at *mange* har vid rekkjevidd i setningar som *Mange studentar kjem kvar dag*, men lita rekkjevidd i *Det kjem mange studentar kvar dag*. (Jamfør òg kap. 8 i Faarlund o.a. 1996.) Andre eksempel kan tyde på at det faktisk er ein slik samanheng. Vangsnes (1994, s. 90–92) hevdar dette kjem av at pronomenet *somme* er "inherent partitivt"; det svarer her til eigenskapen delkvantor. Han samanliknar dette med at *somme* heller ikkje kan stå i uttrykk som **for somme år sia*, og ein tydeleg partitiv som *nokre av åra* er umogleg også i både presenteringskonstruksjonar og uttrykk som **for nokre av åra sia*.

Det kan diskuteras om dette eigentleg er forklaringar, men i alle fall er det interessante observasjonar om samsvar mellom språklege fenomen. Dyvik (1979, s. 74f.) meiner at funksjonen åt presenteringskonstruksjonen er "å predikere noe til eksistens", og dermed blir det tautologisk og umogleg med *somme*, som alt har innhaldet '+eksistens'. Denne måten å kople observasjonar på, er lettare å godta som ei forklaring. Men denne forklaringa blir motsagd av at pronomenet *einkvan* er vanleg i presenteringskonstruksjonar (jf. f.eks. *Det sit einkvan der ute*), og dette pronomenet har som "hovudfunksjon" nettopp å presupponere eksistens (Sandøy 1987, s. 159f., Sandøy 1992, s. 550).

3.4 +/-spesifikk referanse

Spesifikk referanse vil seie at det er visse individ eller referentar ein siktar til med nominalet. *Talaren* kan altså identifisere dei. Ved ikkje-spesifikk referanse kan ikkje talaren identifisere referentane, men likevel kan referentane eksistere.

Somme impliserer nettopp ein presupposisjon om at det eksisterer referentar med dei eigenskapane som setninga tillegg dei. Dette gjer at desse to setningane får ulikt påstandsinnhald:

(12) Somme bønder vil ikkje nytte seg av avløysarordninga.

(13) Nokre bønder vil ikkje nytte seg av avløysarordninga.

Innhaldet i desse setningane skil seg ved at (13) viser til bønder som talaren kan identifisere, dvs. til 'bestemte bønder', mens (12) nettopp framhevar at talaren ikkje kan identifisere dei aktuelle bøndene, han berre påstår at dei finst (og at referentane er eit subsett av alle bønder). *Somme* har altså -spesifikk referanse, *nokre* har +spesifikk referanse. Men i begge tilfella presupponerer ein at referentane eksisterer.

Kombinasjonsmåtane for +/-spesifikk referanse og presupposisjonen om eksistens kan da framstillast slik:

	+spesifikk	-spesifikk
+eksistens	+	+
-eksistens	-	+

Det har vore usemje om bruken av spesifikk referanse. Faarlund har i *Norsk syntaks i funksjonelt perspektiv* (1980) gitt *somme* spesifikk referanse. Dyvik har gjort det same i ein artikkel frå 1979. Her kan det anten vere usemje om kva ein legg i 'spesifikk', eller så kan det vere tale om dialektforskjellar. Når det gjeld Dyvik (1979), er det klart at han bruker omgrepet 'spesifikk' annleis pga. at han lèt det vere avhengig av 'presupposisjonen om +eksistens', og når eit nominal presupponerer eksistens, reknar han med "at slike nominaler nødvendigvis har spesifikk referanse" (Dyvik 1979, s. 73). Dette fører m.a. til at *somme* får spesifikk referanse, og

analysane og tolkingane blir annleis enn her.² Lyons (1977, s. 188) skil derimot mellom 'spesifikk' og 'presupposisjon om +eksistens', som i dette arbeidet.

3.5 +/- unik referanse

Ingen av subjekta i (12) og (13) har *unik referanse*, for unik referanse vil seie at *tilhøraren* også kan identifisere referenten, ikkje berre talaren. Den referansen kan ikkje sameinast med presentering.

3.6 Meir om den ikkje-spesifikke referansen

Ovafor er det nemnt at *nokre* har +spesifikk referanse. Dette pronomenet kan brukast i presenteringssatningar:

(14) Det kjem nokre karar opp trappa.

I (14) siktar altså talaren til visse karar. Men det er ikkje skiljet mellom + og – spesifikk som gir forklaringa på akseptabiliteten i presenteringskonstruksjonen, for det ikkje-spesifikke pronomenet *einkvan* kan stå i presenteringar:

(15) Det sit einkvan der ute.

Til slutt kan vi òg stille spørsmål om eigenskapane distributiv og spesifikk har med kvarandre å gjere. At dei ikkje har det, kan vi sjå av desse to setningane:

(16) Han snakka berre med einkvan studenten og gjekk heim.

(17) Han snakka berre med nokre studentar og gjekk heim.

² Denne skilnaden i omgrepsbruk gjer at Dyvik tolkar annleis enn det eg gjer her. Han bruker f.eks. desse eksempla (1979, s. 74):

(a) Eg vil gjerne verta kjend med nokre damer.

(b) Eg vil gjerne verta kjend med somme damer.

Om b-setninga seier Dyvik at det kan "bare være tale om bestemte damer". I min analyse er det motsett: Det er a-varianten som viser til *bestemte* referentar. Denne skilnaden mellom +spesifikk for *nokre* og –spesifikk for *somme* gjeld for både norrønt, islandsk, færøysk og vestlandsk, som eg har undersøkt (Sandøy, under arbeid).

Desse setningane, som rettnok ikkje inneheld *somme*, tek eg med for å vise at distinksjonen mellom desse to omgrepa er nødvendig. Dei to setningane treng nemleg ikkje bli lesne slik at dei har distributiv referanse. Første er ikkje spesifikk, siste er det.

Somme og *nokre* er altså ikkje synonyme for vestlendingar. For å illustrere korleis skiljet mellom + og – spesifikk blir utnytta, kan vi nemne eit par autentiske eksempel på den ikkje-spesifikke referansen. Ein kollega sa i ein tale nyleg:

(18) Både i Norge og somme andre nordiske land er det slik at

Det er litt spesielt å ty til pronomenet *somme* når det er så få aktuelle nordiske land. Utanom Noreg er det tale om 5, og her blir det så oppretta eit subsett av dei att. Men det slo meg at påstanden kollegaen kom med, var eigentleg ikkje godt gjennomtenkt. Han var upresis, for han visste ikkje sjølv i kva for nokre av desse 5 nordiske landa forholda var slik han påstod. Hadde han sagt *nokre andre nordiske land*, kunne eg ha gått bort til han og spurt om kva land han sikta til, for da hadde det vore spesifikk referanse, og han kunne stillast til ansvar for kven han refererte til, ettersom spesifikk referanse føreset at talaren kan identifisere referentane. Men han brukte altså *somme*, utan spesifikk referanse. – Eit par dagar etter trefte eg han, og eg spurde han om dette. (Han er ikkje grammatikar og kjenner ikkje til desse semantiske analyseomgrepa eg bruker her.) Etter å ha tenkt seg om i eit halvt minutt, svarte han at han nok eigentleg ikkje visste kva land det gjaldt, og han vedgjekk at det ikkje var førebudd det han sa. Han dekte seg altså derfor bak det ikkje-spesifikke pronomenet *somme*.

Så eit utklipp or avisa *Bygdanytt* i (19), som har som bakgrunn ei melding om at foreldre i Fræna reiste til grannekommunen Eide for å få døypt barna sine pga. krava frå Fræna-prestane om at foreldra skulle leve i ekteskap:

(19) – Døyper born til sambuarar og skilte!

– Det er ikkje rett at vi nektar dåp til barn av sambuarar og skilte foreldre, seier prestane Martinsen og Foseide. Dei reagerar på det Kyst-Nytt skreiv sist fredag om dei

mange dåpane i Eide.

Kyrkjedørene er ikkje stengde for somme barn i Fræna, seier dei.

Alle er velkomne til gudsteneste for å sjå kven som døyper borna sine her.

Her må ein ha sans for nyansar og skilje mellom + og –spesifikk referanse for å forstå djupna i at prestane sa “somme barn” og ikkje “nokre barn”! Med “nokre barn” ville dei ha formidla at dei hadde bestemte barn i tankane. Men det dei kjende seg mistenkte for, var at barn med ein gitt “eigenskap” (nemleg at foreldra er sambuarar eller skilde) ikkje skulle få kyrkjedåp. Dei hadde neppe oversikt over kven som var referentane for nominalet *somme barn*, og det er jo dessutan ope, for nye barn kjem stadig til. Det er altså ikkje tale om nokre spesielle, derimot om ikkje-identifiserte medlemmer av eit subset av barn.

4. Objektsposisjonen

Men så dukkar altså problema opp. Eg møter setningar eg ikkje kan godta med mi vestlandske språkkjensle, og typisk er det at *somme* her oftast finst i objektsposisjon eller i preposisjonsuttrykk:

(20) Der vart Språkrådet bede om å ta opp nye skrivemåtar i somme ord.

(*Norsklæraren* 4–93, s. 32.)

(21) Eit og anna kan det derimot vera å seia på somme grunngevingar som blir brukte. (*Norsk Tidend* 4.12.92, s. 18.)

(22) Ein kan berre lyde på somme dagsrevyfolk for å slå fast at eit ord som *åtak* er daudt og makteslaust, ... (*Norsk Tidend* 4.12.92, s. 18.)

- (23) Så skal vi ta opp, meir eller mindre saman, somme spørsmål som knyter seg til dansk og svensk. (*Språk i Norden* 1986, s. 17.)
- (24) Brevutkastet inneheld grunngjeving for somme av rettskrivingsvedtaka. (Ref. frå fagnemnda i Norsk språkråd 30.8.91.)
- (25) Hittil har vi hatt oppdrag for statstenesta og somme private bedrifter, særleg bankar. (*Språklig Samling* 2-87, s. 3, sp. 1-2.)
- (26) Eg har peikt på ein del veikskapar og har lagt fram somme forslag til endringar, men dei løyser slett ikkje alle problema, ... (I brev til meg.)

(20) og (21) fortel om konkrete situasjonar. Referentane for "somme ord" er visse ord forfattaren kjenner godt til, og kven som helst kan finne ut nøyaktig kva ord det er. Referentane for "somme grunngjevingar" i (21) blir drøfta ein for ein i artikkelen som eksempelet er henta or, slik at forfattaren måtte kjenne dei før han skreiv artikkelen. (22) gir best meining om det er sikta til bestemte personar, i (23) kjenner forfattaren desse spørsmåla, for han har planlagt det han skal skrive. I (24) og (25) kjenner også forfattaren referentane, og framlegga nemnde i (26) står i same brevet.

Den geografiske forskjellen i bruk av *somme* er lettast å sjå ved objekt, for dei semantiske restriksjonane for vestlandsk *somme* gjer at "postverbale nominal" set for "tronge rammer". Viktig er det at +/-singulær hending oftast er bestemt av leddet i subjeksposisjonen; dessutane kan både eit adverbial og tempuset i verbalet gi avgrensingar på spørsmålet om +/-singulær hending. (Jamfør (7) og merknaden til (2) i pkt. 3.2.) Dette gjer at +distributiv og ikkje-spesifikk referanse blir mindre vanleg i objektsposisjonen. Men det er ikkje noko automatisk samsvar mellom ledd og referanse, slik at f.eks. setning (4) med *somme* i objektsposisjon er gangbar. Også i subjeksposisjonen kan ein finne den geografiske forskjellen i bruken av *somme*:

- (27) Somme representantar i Norsk språkråd har gjort framlegg om å jamstille formene Noreg og Norge. (Fråsegn frå NM 1995.)

Her er situasjonen eigentleg kjend for avsendaren; det dreiar seg om éi konkret avslutta hending, og avsendaren veit godt kven referenten er. Derfor er denne setninga uakseptabel i min grammatikk. Skulle denne setninga vere gangbar, måtte ho for meg representere ein stilistisk bruk, der talaren læst som han ikkje kjenner referenten, dvs. at han markerer avstand til referenten.

Men avsendaren har kanskje ein annan grammatikk? Og da kan alt tolkast annleis.

5. Dialektskilnader

Alle dei setningane som er ekserperte her, er produserte av austlendingar. Også i ei spørjelisteundersøking eg gjennomførte for nokre år sia, gjekk det fram at denne bruken av *somme* var mest akseptabel for austlendingane.

Det ser altså ut til å vere ein dialektforskjell i bruken av *somme*, og grensa går mellom Austlandet (+ kanskje Trøndelag) og Vestlandet, slik det gjer i fleire syntaktiske spørsmål. Vestlandsk går saman med færøysk, islandsk og norrønt, slik at ein historisk sett kan vere freista til å setje opp ein hypotese om eit gammalt skilje mellom austnordisk og vestnordisk. Det skal ikkje eg fortape meg meir i her.

6. Problemet: austlandsk *somme* = nokre?

Eksempla på det eg har oppfatta som umoglege setningar, må alle ha spesifikk referanse. Dei viser til referentar som talaren kjenner til, og han kunne ha ramsa dei opp. Eit naturleg spørsmål er da om dei to pronomena *nokre* og *somme* har same semantiske eigenskapane i austlandsk.

I f.eks. (26) er setninga sterkt knytt til éi konkret hending, det er snakk om ei samla gruppe av framlegg, dvs. kollektiv referanse

i ei singularær hending. (Her gjeld det faktisk ikkje delmengd eingong.) I fleire av dei hine setningane er det òg mogleg med ein slik lese måte. Det vil seie at heller ikkje den distributive tydinga og delmengd-tydinga er så tydeleg for austlandsk *somme* i denne posisjonen.

Men i andre posisjonar er distinksjonen +/-distributiv relevant, for eksempel i forskjellen på *nokre veker* og *somme veker*:

(28) Ho var heime somme veker i haust

(29) Ho var heime nokre veker i haust.

(30) *Om somme dagar kjem ho heim.

Desse setningane blir vurderte likt i austlandsk og vestlandsk. I setning (30) er det tale om samanhengande veker, og derfor er *somme* umogleg ettersom *somme* har distributiv referanse. Denne setninga viser òg at *somme* med mengdereferanse ikkje kan brukast i austlandsk, truleg av same grunnen: at ei mengd må vere "samanhengande".

(29) *kan* gjelde samanhengande veker, og *nokre* kan da brukast. (28) *må* tolkast slik at ho gjeld ikkje-samanhengande veker – noko som er eit resultat av den distributive referansen åt *somme*. Slik er det også for austlendingane, dvs. at denne distinksjonen er likevel relevant i somme posisjonar; men kva posisjonar det gjeld, har eg ikkje oversikt over.³

Også i austlandsk er det restriksjon mot *somme* i presenteringskonstruksjonar:

(31) *Det står somme jenter ute på trappa her.

³ Det er ei vanleg tolking av setningar som (28) at det er eit system over dei aktuelle vekene. Ei slik tolking kan komme av at *somme* alltid er den overordna logiske operatoren, og derfor blir alt i setninga ein eigenskap tillagd desse ikkje-identifiserte medlemmene av subsettet. I så fall blir dette 'systematiske' ei sekundær tolking av statusen åt *somme* som overordna logisk operator (Sandøy 1992, s. 553f.). Det same kan òg gjelde tolkinga av *somme* som ei utskiljing av ein 'type' i ein del setningar, f.eks. i (4) ovafor.

Men det er interessant å sjå at i eksistensialkonstruksjonen finn vi ein dialektforskjell i reaksjonane, f.eks. i denne setninga:

- (32) Rettnok finst det somme franske lånord i gammalnorsk, men dei er svært lite brukte.

Dette er ein eksistensialkonstruksjon utan restriktiv relativsetning, og her var det igjen ein markert geografisk forskjell i reaksjonane i spørjeskjemagranskinga mi, for vestlendingane ville helst ikkje akseptere denne bruken av *somme*.

For å gjere det enklare å samanlikne *nokre* og *somme* kan vi gå tilbake til matrisa over semantiske drag, og eg tek med berre fleirtalspronomena. For romsdalsk er matrisa for *nokre* og *somme* slik:

	individ.	generell	spesif.	distrib.	mengde-ref.	ekte delkv.	eksist.	rekkevidd
<i>nokre</i>	+	+	+	0	0	0	+	0
<i>somme</i>	+	+	-	+	-	+	+	+

For austlandsk kunne ein tenkje seg denne:

	individ.	generell	spesif.	distrib.	mengde-ref.	ekte delkv.	eksist.	rekkevidd
<i>nokre</i>	+	+	+	0	0	0	+	0
<i>somme</i>	+	+	+	0?	-	?+	+	+

Her har eg altså stilt opp samanfall mellom *nokre* og austlandsk *somme* i eigenskapen spesifikk og delvis i eigenskapen distributiv referanse. Nokre av eksempla ovafor får meg òg til å tvile på om austlandsk *somme* alltid har delkvantorfunksjon, men eg har ikkje fått det heilt avklart. Derimot trur eg at også austlandsk *somme* har vidast logisk rekkjevidd i setninga; det kan illustrerast med desse setningane:

- (33) Kvar dag kjem somme pensjonistar hit.
 (34) Kvar dag kjem nokre pensjonistar hit.

Her er det altså òg i austlandsk ein skilnad på *somme* og *nokre* ved at *somme* har vid logisk rekkjevidd, og det vil seie at det er dei same pensjonistane som kjem kvar dag i (33). I (34) kan det derimot vere tale om forskjellige pensjonistar kvar dag, for "nokre pensjonistar" er ikkje nødvendigvis overordna "kvar dag".

Konklusjonen blir da at austlandsk *somme* i alle fall er spesifikt, og ligg på den måten nærmare *nokre*, men heilt samanfall er det ikkje, for det er framleis skilnad i den logiske rekkjevidda og i mengdereferansen.

Litteratur

- Dyvik, Helge. 1979. Omkring fremveksten av artiklene i norsk. Språklig markering av referensielle forutsetninger. *Maal og Minne* 1979: 40–78.
- Faarlund, Jan Terje. 1980. *Norsk syntaks i funksjonelt perspektiv*. Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell-Ivar Vannebo. 1996. *Referansegrammatikken* [Under utgjeving]. Oslo.
- Lyons, John. 1977. *Semantics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Næs, Olav. 1965. *Norsk grammatikk: Elementære strukturer og syntaks*, 2. utg. Oslo: Fabritius.
- Sandøy, Helge. 1987. Eitkvart om somt, men neppe noko om alt. Om "ei nokre" pronomer i romsdalsk. I *Mål og medvit: Heidersskrift til Kjell Venås på 60-årsdagen 30. november 1987, frå vener og læresveinar*, utg. Tove Bull o. fl., 150–78. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 1992. Indefinite pronouns in Faroese. I *The Nordic Languages and Modern Linguistics 7: Proceedings of the Seventh International Conference of Nordic and General Linguistics, 7–11 August 1989*, utg. Jonna Louis-Jensen og Jóhan Hendrik W. Poulsen, 547–54. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag.
- Sandøy, Helge. [Under arbeid.] *Ubestemte pronomer i nordisk*. [Ms.]
- Vangsnæs, Øystein Alexander. 1994. *The Syntactic Source and Semantic Reflexes of the Definiteness Effect*. Bergen: Universitetet i Bergen, Institutt for fonetikk og lingvistik.